

## **Rehabilitering av Sunnhordland museum**

### **Søknad om tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar juni 2018**

Sunnhordland museum treng nye administrasjons-, utstillings- og formidlingslokale. Dette for å kunne møte besøkjande med dagens standard for offentlege bygg. Museet har i dag ikkje eit tilbod som svarar til krava om universell utforming, for eksempel har ikkje rullestolbrukarar tilgang til museet. Når det gjeld det fysiske arbeidsmiljøet for dei tilsette er dette heller ikkje tilfredsstillande.

Det er eit stort behov for rehabilitering og fornying av administrasjonsbygget/museet. Det er òg av avgjerande betydning at rehabiliteringsarbeidet no kjem i gang, for å sikre forsvarleg oppbevaring av samlingane til museet. Situasjonen vert vurdert som prekær av konservator og våre faglege rådgivarar hos Bevaringstenestene på Museumssenteret i Hordaland. Det har vore gjentekne og nærast «faste» vasslekkasjar over fleire år og no sist var i julehelga 2017 då museet fekk ein ny stor vasslekkasje som førte til skadar på fleire hundre gjenstandar i samlinga.

Museet gjer under greie for dei punkta som kjem fram i fylkeskommunen sine retningslinjer for søknad.

### **Rehabilitering av Sunnhordland museum har regional verdi**

Sunnhordland museum har ein viktig landsdelsfunksjon som regionalt museum for Sunnhordland. Byggjeprojektet sikrar økt tryggleik for gjenstandar, og bygget vert sett i stand til å kunne ta i mot vandreutstillingar med høgare tryggleiksbehov. Det har ikkje museet kunne ta i mot til no.

Sunnhordland museum har mellom anna fått ansvar for å formidla utviklinga av den viktige maritime industrihistoria som er så unik for regionen og Noreg, og ikkje minst korleis industrien stadig omstiller seg for nye moglegheiter i framtida. Museet har difor store behov for oppdaterte utstillings- og formidlingslokaler.

### **Oppdaterte teikningar**

Romprogram og detaljerte skisser og planteikningar fylgjer vedlagt.

### **Investeringsbudsjett**

Investeringsbudsjett med tilhøyrande avsetning til uføresette kostnader og reserver.

Museet har ny kostnadskalkyle med pris per desember 2017:

- Arkitekt har utarbeida teikningar og detaljar, med universell utforming i fokus
- Rådgjevande ingeniør bygg har sett på bæresystem og bruk av rom, etter dagens brannkrav og styrkekrav
- Rådgjevande ingeniør brann har lagt føringar for branntryggleik.
- Rådgjevande ingeniør VVS-tekniske installasjonar inkluderer sanitæranlegg og luftbehandlingsanlegg
- Rådgjevande ingeniør elektro har lagt føringar for elektrotekniske installasjonar, deriblant heis i bygg B og løfteplattform i eksisterande sjakt i blokk A
- Rådgjevande ingeniør veg har sett på mogleg busstilkomst.

Museet legg no fylgjande leveransar til grunn for søknad om tilskot frå fylkeskommune: Funksjonsbeskrivelse for RIB, RIV og RIE, teikningar frå arkitekt og kalkyle totalt for heile prosjektet i høve totalentreprisen. Vidare har ein budsjettert med interne utgifter til flytting av gjenstandar, leige av magasin, lager og kontorlokale i byggjeperioden.

I totalentreprisekalkylen er det lagt til post for uføresette utgifter. Denne har blitt sett til 15 prosent. Årsaka til dette er at entreprenørane, under visse føringar, har høve til å velje kvaliteten på det som skal leverast, og det blir dermed vanskeleg å estimere kostnad eksakt. Den andre årsaka er at sjølv om noverande bygg er grundig undersøkt, må ein likevel ta høgde for at den kan dukke opp uføresette kostnader i byggjetida.

Museet har lagt inn kostnader til leige av lokale for administrasjon i deler av byggeperioden. Når det gjeldt lager/magasin, er det ikkje lagt inn kostnader til dette, då ein har vurdert dette til å kunne løysast innanfor lagerlokale museet har i dag på Litlabø i Stord kommune.

## **Finansieringsplan**

Hordaland fylkeskommune har til no løyvd kr 5 886 000,- ( derav 4 000 000 av spelemidlar i 2014 og 1 886 000,- i 2015). I 2017 var det eiga sak i fylkesutvalet om museet si generelle økonomiske stilling og behov for eit museumsloft for å nå dagens nivå til museum det er naturleg å samanlikna Sunnhordland museum med. Fylkeskommunen har i jamleg politisk og administrativ kontakt med museet signalisert at Sunnhordland museum treng å prioriterast, både med auke i driftstilskot og i høve regionale nybyggtilskot. Museet legg difor til grunn at ytterlegare løyvingar frå fylkeskommunen kjem og vil med dette søke fylket om 1/3 del av prosjektet sin storleik; 18 239 799,-. Dette er en stor størrelsesorden, men vi velger likevel å søke om dette beløpet ut i frå gjeldende praksis om en tredelt finansiering.

Det er gjennomført dialogmøte med kommuneleiinga i alle åtte kommunar i regionen i 2017. Planar for rehabilitering er lagt fram for kommunane. Januar 2018 var ein delegasjon med ordførarar/rådmenn frå Sunnhordland på vitjing i Kulturdepartementet og argumenterte for museet sitt byggjeprojekt. Det er museet si vurdering at løyving til prosjektet frå styrande makter, er av heilt avgjerande betydning for at kommunane ser at prosjektplanane går over i realiseringsfase, og at dei som fylgje av det då vil prioritere politisk behandling for byggjetilskot til museet. Styret i museet føreset at løyvingar frå kommunen kjem. Ein har likevel ikkje forventningar om at kommunane i regionen er i økonomisk stand til å bidra med eit samla tilskot på storleik med 1/3 av prosjektet sin storleik, slik hovudregelen for tildeling frå departementet er. Museet vil jobba med å sikra så mykje midlar som mogleg frå

kommunane. Hausten 2018 deltar museet saman med fylkeskommunen i arbeidsgruppe saman med sunnhordlandskommune for å få til ei styrking av regionmuseet.

Styret vil setja ned eit utval som skal arbeida med å skaffe gåvemidlar til føremålet frå aktørar i regionen.

### **Plan for organisering av gjennomføringa og byggjeleiaransvar**

Prosjektet er grundig gjennomarbeida når det gjeld tekniske løysningar, romprogram og tilhøyrande inventar. Det er føreteke prøvegraving på tomte. Prosjektet vart levert ferdig kalkulert med nye prisar per desember 2017. Det er lagt inn post for uførutsette kostnader og det er vår vurdering at desse tiltaka vil sikra at prosjektet kan gjennomførast i samsvar med kalkylen som no ligg føre.

Prosjektet er klar for anbodskonkurranse i samsvar med lov og forskrift om offentlege innkjøp. Prosjektet har ei estimert byggjetid på 9-10 månader. Museet har planlagt for 12 månader byggjetid, og av desse er det planlagt for 8 månader leige av kontorlokale. Museet vil ikkje kunne ha publikumstilbod i Sunnhordlandstunet i perioden, korkje i bygget og heller ikkje i tilhøyrande hus på tunet. Ein planlegg å nytta ressursar på aktivitetar på andre lokasjonar i kommunane i byggjetida. Drifta for 2019 kan difor av den årsak avvike noko opp mot andre år.

Teikningar som er utarbeida av arkitekt er grunnlag for prosjektet sitt omfang og krav til materiale og overflater både utvendig og innvendig. Prosjektet er planlagt gjennomført utført som totalentreprise, der ferdig bygg med tilhøyrande utvendig anlegg skal vere komplett, og samsvara med prosjektet sine gitte krav og mynde krav. Prosjektet kan delvis gjennomførast i to byggjetrinn. Dette tilrår ikkje konsulentane, grunna påfølgjande auke i kostnader, men reint byggtknisk let dette seg gjere.

Sunnhordland museum er ansvarleg byggjeherre for prosjektet. Det er budsjettert med byggjeleiiing. Museet vil nytta innleigd kompetanse til å ivareta ansvaret. Dette er med å sikre at prosjektet vert gjennomført utan budsjettoverskridingar.

### **Framdriftsplan og likviditetsplan**

I fylgje våre rådgjevande konsulentar er det vanlege at entreprenør lagar ein betalingsplan og legg fram for byggherre til godkjenning. Prosjektet har ikkje gjennomført anbodskonkurranse og har fylgjeleg ikkje på plass val av totalentreprenør. A konto utbetalingar per måned er mest vanleg.

Utkast til likviditetsplan fylgjer vedlagt søknad.

### **Søknadsbeløp fordelt på utbetalingsår i samsvar med likviditetsplanen**

Det er av stor betydning for gjennomføringa at fylket løyver tilskotet med størst utbetaling i 2019, då ein reknar med å kunne starte byggjeprosessen i 2019. Vidare er dette også viktig

jamfør vår omtale om tilskot frå kommunane i regionen. Slik tildeling vil sikra tilfredsstillande likviditetsplan for prosjektet i byggjeperioden.

### **Eigarskap og driftsansvar**

Administrasjonsbygget/museet på Sunnhordlandstunet er eigd av stiftinga Sunnhordland museum. Stiftinga har driftsansvar for bygget.

### **Utgifts- og inntektsbudsjett for drift og vedlikehald av bygningen**

Bygget er planlagt tilrettelagt for utlån til eksterne arrangement. Museet vil kunne tilby flotte lokale og soleis bidra til mangfald for arrangement i regionen. Dette vil styrkje kulturlivet i fylket og vil betra tilhøva for det gode samarbeidet med frivilligheita. Det gir og høve til meir driftsinntekter gjennom meir utleige. Rehabiliteringsprosjektet vil bidra til å auke publikumstilstrøyminga og soleis kunne bidra til å styrkje eigeninntektene til museet på sikt.

Dersom fylkeskommunen meiner at det er behov for opplysningar ut over det som er presentert i søknaden, ber ein om at museet blir kontakta om dette.

Vedlegg:

Komplett teikningsgrunnlag, kravspesifikasjonar og kalkylar for prosjektet frå Multiconsult.

Likviditetsbudsjett/forslag betalingsplanar

Leirvik, 8. juni 2018

Signe Ekeland (Sign.)

Styreleiar

Helge Pedersen



Konstituert direktør